



Notat

Dato: 26.10.2017
Arkivsak: 2014/15627-45
Saksbehandlar: erliver

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Innfartsparkering - statusmelding haust 2017

Under fylkestinget si handsaming av *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030* i mars 2015 vart det gjort vedtak om det skal etablerast ein vekst i innfartsparkeringsplassar til 6000 plassar, samt sikre sykkelparkeringsplassar fram mot 2030.

For å følgje opp Strategi for innfartsparkering for bil og sykkel er det i handlingsprogrammet til Regional transportplan lagt inn eit tiltak om at det skal utarbeidas ein handlingsplan for innfartsparkering. Det er tilsett ein eigen prosjektleiar som skal utarbeide handlingsplanen og deretter setje i verk tiltak.

Prosjektet er no starta opp, og det vert arbeidd med å legge til rette for vidare framdrift. Fokus i oppstarten har vore tredelt:

- Etablering av konkrete arbeidspakkar for prosjektet
- Kommunebesøk, starte dialogen om konkrete forslag til innfartsparkeringsplassar med Bergen kommune
- Starte arbeidet med ein handlingsplan (basert på kommunebesøk)

Sjølve prosjektet for dei første 2 åra er delt opp i følgjande **arbeidspakkar**:

- **Strakstiltak** der målsettinga er å gripe tak i prosjekt som alt er i prosess, eller er i ferd med å bli materialisert.
- **Dokumentasjon for bruk av anlegg for innfartsparkering**. Kartlegging og dokumentasjon av bruken av eksisterande innfartsparkeringar, kartlegging av behov, og trendar i bruksmønster (ledige / opptekne plassar, geografisk bruksmønster), sjå på fordeling av innfartsparkeringsplassar, sjå på fellestrek med andre aktuelle fylker, samt dokumentere bruk av sikker sykkelparkering.
- **Nasjonal/ internasjonal erfaring** der ein skal sjå på kva slags anlegg andre aktørar nasjonalt og internasjonalt har valt, samt kva kriteria som ligg til grunn for etablering. Dette inkluderer erfaringar, berekning av dimensjonering og eventuelle betalingsløysingar.
- **Drift av anlegg for innfartsparkeringar**, der samferdselsavdelinga i samarbeid med Skyss vil utarbeide ulike driftsmodellar og regulering av anlegg for bruk av innfartsparkering. Dette inkluderer app-løysingar, skiltscanning med meir, men også økonomiske driftsmodeller.

- **Anlegg for bil**, etablere realistisk framdriftsplan for etablering av nye innfartsparkeringsplasser – både sambruk med andre aktørar (t.d. kjøpesenter, idrettsanlegg osb.), og etablering av nye anlegg.
- **Anlegg for sykkel** vil i utgangspunktet ha same framgangsmåte som bil, men i tillegg stimulere til bruk av sykkel og sykkelparkeringar ved kollektivknutepunkt.

Alle arbeidspakkar er starta opp.

Kommunebesøk

Det er gjennomført arbeidsmøter med 11 av omlandskommunane til Bergen (møtedato med Bergen kommune er førebels ikkje avklart). Føremålet med møta har vore å saman med kommunane (som planstyresmakt) identifisere aktuelle areal for innfartsparkering. Vidare tema har vore mogleg framdrift, kartlegging av behov og diskusjon rundt finansiering.

Handlingsplan

Handlingsplan for innfartsparkering er under utarbeiding og vert lagt fram tidleg 2018. Denne er basert på dialogen med kommunane, samt arbeidspakkane. Hovudfokus tidleg i perioden vil vere gjennomføring av dei prosjekta som er kome lengst, samt å vurdere å endre regulering på eksisterande plassar.